



Norges Vassdrags- og Energidirektorat

Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar ref:	Vår ref: 18/2483-5	Saksbehandlar: Kristin Karlbom Dahle, 35059170 kristin.karlbom.dahle@bo.kommune.no	Arkivkode: K2 - S09	Dato: 11.09.2018
--------------------	------------------------------	---	-------------------------------	----------------------------

Fagleg innspel til nasjonal ramme for vindkraft på land frå Sauherad og Bø kommunar

Vi viser til brev av 8.6.18 der NVE ber om faglege innspel. Sauherad og Bø kommunar sender med dette innspel til analyseområde nr 4 og 5.

Analyseområde 4 Sauheradjella

Naturverdiar

Skrim- og Sauheradjella naturreservat (oppretta i 2008) ligg innanfor analyseområdet. Arealet på naturreservatet er 123 km², dvs nest største skogreservatet i Norge. Området har stor vitskapleg og pedagogisk verdi på grunn av storleiken. Området ligg innanfor i Skien, Sauherad og Notodden kommunar i Telemark og Kongsberg kommune i Buskerud. Formålet med vernet er å ta vare på det urørte preget med alt sitt biologiske mangfald, både naturtyper, økosystem, arter og økologiske prosessar.

Friluftsliv

Naturreservatet med tilstøytande naturområde er eit regionalt viktig friluftsområde og brukast mye til turgåing, jakt og fiske sommar og vinter. Området har eit omfattande stinett med ca. 10 turisthytter. Særskilt viktige utfartsområde for friluftsliv er:

- Breiset: Større hytteområde med planlagt utviding i kommuneplanens arealdel, totalt 850 daa.
- Nordagutu - Nare
- Holtsås
- Svanstul (Skien)

Det er også lagt ut eit større hytteområde (640 daa) ved Store Damtjønn vest for Eiangen i kommuneplanens arealdel.





Landskap – Telemarkskanalen regionalpark

Sauarelva, Bråfjorden, Heddalsvannet og Norsjø er del av Telemarkskanalen regionalpark, som er omfatta av den europeiske landskapskonvensjonen.

Landbruk og jakt

Området nyttast til sauebeite og jakt. Det er et bestandsplanområde for elg og hjort (157000 dekar), med fellingsløyve på 39 elg og 50 hjort. I området er det jaktutleige av småvilt og rådyr (ukjent omfang). Det blir tildelt fellingsløyve på rådyr, alt fra kvotefri jakt til eit anseleg tal fellingsløyve per vald.

Analyseområde 5 Lifjell

Ein mindre del av analyseområdet ligg i Bø kommune, men innspelet gjeld heile høgfjellsplatået, uavhengig av kommunegrenser. Lifjell som naturområde har regional verdi både for friluftsliv, reiseliv, næring og undervisning. Lifjell er eit lett tilgjengeleg høgfjellsområde i kort avstand frå større befolkningskonsentrasjonar i Vestfold og Grenland. Høgfjellsplatået er lite i utstrekning. Verdien av området for friluftsliv, undervisning og reiseliv vil difor kunne bli betydeleg redusert dersom tilgjengeleg område skulle bli innskrenka pga evt. vindmøllepark.

Friluftsliv

Bø kommune gjennomfører no kartlegging og verdivurdering av friluftsområda i kommunen. På Lifjell er tre av fem delområde vurdert å ha verdi A (svært viktig friluftsområde). Dette er store turområde med tilrettelagte stier og skiløyper vinterstid. Fjellet er tillegg til eit regionalt reisemål, eit populært friluftsområde for lokalbefolkninga i Midt-Telemark. Årleg betaler om lag 5300 bilar p-avgift på offentleg parkeringsplass på Jønnbu, som er utgangspunkt for turar innover fjellet. Dette gir eit bilde på bruken av fjellet. I tillegg er parkeringsplassar i Liheia og ved Vihus mykje nytta for turar i området Vihus-Sletтели-Bryggefjell.

Sjølve Lifjellplatået nyttast både av dags- og hytteturister og er eit heilårsområde med hytter og skianlegg, og eit samanhengande sti- og løypenett merka av DNT og lokale turlag. Jønnbu leirskule ligg på Lifjell og nyttar fjellet haust, vinter og vår. Himingsjø (DNT), Hollane turisthytter, Lifjellstua (DNT) er sentrale i eit godt tilrettelagt nett av merka stier og oppkøyrde vinterløyper med høg bruk. Det er eit stort potensiale for ytterlegare bruk med nyetablerte overnattingshytter og betre sommermerka løyper.

Reiseliv

Det er turistutvikling på fleire sider av Lifjell (Bø, Notodden, Seljord). Innanfor Bø kommune er det om lag 850 hytter på Lifjell. Det er regulert 450 nye tomter, og ein opplever rask utvikling og sal i området.





Hytteutvikling er viktig for den totale næringsutviklinga i heile Midt-Telemark. Undersøkingar viser at hytteeigarar legg igjen mellom 15000 og 75000 pr år avhengig av tilbodet på staden. Bø har et godt tilbod av kultur, opplevingar og handel, og har eit potensiale for meir bruk frå hyttegjester.

Det er to alpinanlegg på Lifjell, og Bø og Lifjell turridding tilbyr ridekurs og -turar.

Det er fire tilbydarar av varme senger på Lifjell: Lifjelltunet, Solstua, Lifjellstua og Hollane Turistseter, totalt ca 320 senger. Fjellet er ein attraksjon for samtlige overnattingssteder i Midt-Telemark, som er eit av Norges største campingdistrikt og har to hotell. Totalt skilte Midt-Telemark med 250-300 000 gjestedøgn i løpet av året. Dette representerer turister som bruker og potensielt kan bruke Lifjell som turmål.

Landbruk

- Lifjell nyttast som sauebeite, organisert gjennom Lifjell sankelag. Vel 2000 sau og lam vert slept frå Bøside av Lifjell, i tillegg kjem sau frå Seljord og Heddal.
- Hollane seter og turisthytte ligg inne på fjellet i Notodden, men tilhører grunneigarar i Bø. Her drivast seterdrift med storfe og hest frå juni/juli – sept. Dette er kombinert med servering og utleige sommar og vinter. Turisthytte har ca 30 sengeplasser for utleige.
- Grunneigarane i området driv utleige av småviltjakt, av ukjent omfang. Fem jaktlag grenser til området, med 28 elg og 20 hjort. Totalt er det for bestandsplanområdet eit areal på 105592 dekar som blir berørt i ulik grad. Heile området har ei tildeling på 36 elg og 20 hjort.

Universitetet i Sørøst-Norge

Universitetet i Sørøst-Norge (USN), campus Bø, nyttar Lifjell til undervisning og forskning både *Realfag, natur og miljø* og *idrett, kroppsøving og friluftsliv*. Det er om lag 3000 studenter ved campus Bø og dette er nest største campus i USN.

USN har årleg (haust, vinter og vår) om lag 1300-1400 studentfeltdøgn på Lifjell knytt til friluftslivsstudiet, i form av fleiredøgnsturar, dagsturar, skredkurs osv – til fots og på ski. I tillegg kjem studentane og og rettleiarane si bruk av fjellet for å forberede seg og øve på ferdigheter og *Realfag, natur og miljø* si bruk av fjellet til datainnsamling og undervisning.


Med helsing

Kristin Karlbom Dahle
arealplanleggar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur



MidtTelemark



Kopi til:			
Aslak Gilde	Gullbringvegen 20	3833	BØ I TELEMARK
Dag Gjermund Roheim	Bøvegen 271	3810	GVARV
Sauherad kommune	Idunsvoll 3	3812	AKKERHAUGEN
Seljord kommune	Brøløsvegen 13A	3840	SELJORD
Sindre Flø	Gullbringvegen 34	3833	BØ I TELEMARK
Vidar Lofthus	Gullbringvegen 20	3833	BØ I TELEMARK

